



H&H Arkitektkontor
Søberggaten 3
3211 SANDEFJORD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1875 - 14/10590

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
05.05.2014

Igangsettingsløyve og mellombels utslippsløyve - gbnr 55/35 Bruvoll camping

Arbeid godkjent i rammeløyve av 19.12.2013 vert nå tillete sett i gong.

Løyvet omfattar også godkjenning av ny søknad om ansvarsrett som vist under avsnittet "Ansvar og kontroll".

Arbeid må ikkje utførast utover det som er omfatta av igangsettingsløyvet.

Lindås kommunen gjev mellombels utsleppsløyve for sanitært avlaupsvatn for uteleiehytte med 2 bueiningar på gnr. 55 Bnr. 35. Løyvet gjeld utslepp via eksisterande slamavskiljar til eksterande sandfiltergrøft. Løyve er gitt på bakgrunn av dei opplysningar som følgjar av revidert søknad journalført den 02.05.2014. Vedtaket er fatta med heimel i forureiningsforskrifta § 12-5.

Løyvet er gitt på følgjande vilkår:

- Utsleppsløyvet er mellombels og gjeld fram til ny reguleringsplan for området vert vedteken. Løyvet faller likevel bort 3 år etter vedtaksdato.
- Tomta skal knytast til offentleg eller anna felles vass- og avløpssystem og eventuell overvassledning dersom dette vert utbygt i området.
- Utsleppet skal til einkvar tid tilfredsstillende krava i forskrift om forureining §§ 12-7 til 12-13 og som skildra i søknaden. Utsleppsanlegget skal dimensjonert, byggast, drivast og vedlikehaldast slik at det har tilstrekkelig yteevne.
- De vert hermed gjort kjent med at eigaren av avlaupsanlegg er ansvarleg for at anlegget vert drive og vedlikehalda slik at krava i utslippsløyvet vert fylgt.
- Vi føreset at eksisterande private felleisleidningar er tette og inntakte, og har tilstrekkelig kapasitet.

Ansvar og kontroll



Føretaka under er tidlegare godkjent for ansvarsrett. Ved søknad om igangsettingsløyve er det gjort følgjande endringar:

Rolle	Tk	Ansvarsområde	Godkjent føretak	Org. nummer	S/L	Ny
SØK	1		H&H Arkitektkontor	979687893	S	
PRO	1	Heile tiltaket med unntak av sanitæranlegg	H&H Arkitektkontor	979687893	S	
PRO	1	Sanitæranlegg	Lindås Rør og Sanitær AS	935347920	S	
UTF	1	Heile tiltaket med unntak av sanitæranlegg	Euro Laft & Prefab LTD	944457233	L	
UTF	1	Sanitæranlegg	Lindås Rør og Sanitær AS	935347920	S	
KON	1	Våtrom og lufttetthet	Bergen Omland Eiendomstaksering AS	997891732	S	x

S; Sentral godkjenning, L; Lokal godkjenning.

Saksutgreiing:

Bygget vert plassert i samsvar med søknad på kote 48,5 topp grunnmur. Tiltakshavar har sjølv etterkomme vilkår om nabovarsling då søkjar ikkje har sendt inn gjenparten av nabovarselet. Det kan sjå ut som at vilkåra i rammeløyve no er stetta.

Utslepp

Det er søkt om utsleppsløyve i samband med innlegging av vatn i ny uteigehytte med 2 bueiningar. Tiltaket er avklart med planstyresmaktene. Avløpsvatnet skal reinsast i samsvar med forskriftskrav. Eksisterande utslippsordning er foreldet. Det vil måtte etablert ei ny utslippsordning. Løyvet gjeld soleis mellombels.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaming vert sett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ for **2014**. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

Skildring	Antal	Beløp
C.5.2a igangsetting	1	2.800
C.5.32 ansvarsrett (S)	1	1.050
G.2.1a utslepp	1	4.200
Totalt gebyr å betale		8.050

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunnjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve

kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås Rør og Sanitær
Bruvoll Camping
Eurolaft As

Hundvinveien 10 5956
Bjerggata 1-3 3210

HUNDVIN
SANDEFJORD

Mottakarar:
H&H Arkitektkontor

Søberggaten 3 3211

SANDEFJORD